



OSTERØY KOMMUNE TEKNISK ETAT
██████████
5282 LONEVÅG

Vår referanse: 2023/232304-3
Saksbehandler: Marion Lambrechts Berge
Dato: 31. oktober 2023
Deres ref.:

Unntatt offentlighet: Offl §13, Fvl § 13.1

Tilsynsrapport - Leilighet Osterøy

Miljørettet helsevern ved Helsevernenheten i Bergen kommune har interkommunal avtale med Osterøy kommune om oppgåver innan miljørettet helsevern.

Kommuneoverlegen i Osterøy har motteke klagar på därleg inneklima frå ein beburar i ein kommunal bustad ████████ Miljørettet helsevern føretok tilsyn av bustaden 27.09.2023. I denne saka gjeld forskrift om miljørettet helsevern. Forskrifta er heimla i lov om folkehelsearbeid.

Ved tilsynet fant me eit avvik frå forskrifa:

1. Bustaden har ikkje eit tilfredsstillande inneklima, jamfør § 10.

Dersom det skulle vera innvendingar mot det faktiske eller rettslege grunnlaget for rapporten, ber me om at desse blir sende til Miljørettet helsevern innan 15.11.2023.

Bakgrunn

Miljørettet helsevern fekk 24.08.2023 opplysningar frå kommuneoverlegen i Osterøy om mogleg dårleg inneklima i en kommunal bustad [REDACTED]. I oversendinga står det at:

- Deler av kledningen er rotne.
- Det har vore branntilløp i bustaden tidlegare, via stikkontakt til fryser.
- Elektrisk omn på badet kan berre nyttas på svak varme på kalde dagar.
- Det er mørke flekker i taket etter tidlegare høg varme på elektrisk omn nær taket på badet.
- Det er ikkje jordfeilbryter, gamalt sikringsskap
- Golvbelegget går i oppløysing på soverom og gaffateip er brukt til å tape det saman
- Ulike vindauge er punktert
- Det er ikkje stige på taket til feiar, feiar har sagt til leigetakar at det fare for å få fyringsforbod
- Dårleg isolert bustad, bruker mykje vedfyring og mykje straum, svært kaldt på vinteren.
- Inneklimaet kjennes svært dårleg for leigetakar.

Miljørettet helsevern gjennomførte tilsyn med fokus bustaden sitt inneklima den 27.09.2023. Dei andre omtalte forholda i bustaden faller ikkje inn under Miljørettet helsevern si tilsynsmynde og me oppmodar huseigar til å undersøke om desse forholda må bli utbetra.

På tilsynet deltok kommuneoverlege Anita Sørveit, bustadkoordinator Per Kristian Skår, leiar for teknisk drift Kenneth Taule Murberg, driftsleiar kommunale bygg Ove Pedersen, [REDACTED] samt overingeniørane Tone Constance Martinessen og Marion Lambrechts Berge frå Miljørettet helsevern.

På tilsynet kjende me at det var svært golvkaldt i bustaden og at det kom kald trekk frå vindauge. Me kunne sjå at eitt vindauge var frå 2007, men elles kunne me ikkje sjå årstala på vindauge. Me antar derfor at dei er frå omtrent når bustaden vart bygd, 1970-talet. I bustaden var det fleire ulike elektriske omnar. Bebruar opplyste at sjølv om alle omnane var på kunne temperaturen vinterstid falle til 8 °C om [REDACTED] ikkje var heime og supplerte med vedfyring. Frå 18.10.2023 til 23.10.2023 låg gjennomsnittstemperaturen i bustaden på 17 °C, ifølgje ettersende inneklimamålingar.

På tilsynet observerte me misfaring på nokre av takplatene i stova. Me fekk opplyst at det hadde vore ein lekkasje i bustaden, men at denne no var utbetra. Etter lekkasjen hadde takplatene ikkje blitt skifta og det var ikkje kjent om det var sjekka for muggsopp bak platene.

På tilsynet såg me at kjøkkeninnreiinga var svært gammal og rundt vasken var det misfarga tapet som skrella av. Det var ei mugglukt på kjøkkenet. Det var installert ei kjøkkenvifte over steikjeplata som ventilerte ut. Bebruar opplyste at [REDACTED] brukte viften ved matlagning, men at det likevel vart mykje kondens på kjøkkenet. Bebruar vart oppmoda til å vaska filteret i vifta.

I dusjrommet var det installert ei mekanisk avtrekksvifte. Beuar opplyste at [REDACTED] brukte vifta, men at det likevel vart mykje kondens i rommet. [REDACTED] hadde også vaskemaskin og tørketrommel plassert her. Beuar opplyste at [REDACTED] tørka klede i oppholdsrom og soverom då det ikkje var plass til tørkestativ i dusjrommet.

Frå ei luke i golvet kunne me sjå at det var fuktig i krypkjellaren. Det var dårleg tilgang til krypkjellaren og me gjennomførte derfor ikkje ei synfaring her. Me fekk opplyst at det går ein slukt under bustaden som leier vatn og at det er ei dampsperre i taket i krypkjelleran.

På tilsynet fortalte beuar at [REDACTED] har budd i bustaden i omtrent tre år, [REDACTED] er av den oppfatninga at symptomata blir forverra når [REDACTED] er i bustaden, og ønskjer derfor å flytta. [REDACTED] kunne også fortelja at [REDACTED] strevar for å halda ein

tilfredsstillande temperatur i bustaden [] fyrer med omtrent ein sekk ved for dagen [] stormlufter ved jamne mellomrom og lufta spesielt godt på soverommet.

Vurdering

Avvik 1: Bustaden har ikkje eit tilfredsstillande inneklima, jamfør § 10

Det følger av § 10 i forskrifta at:

Virksomheter og eiendommer der allmennheten har adgang, eller som benyttes av mange mennesker, eller hvor mennesker oppholder seg over lengre perioder, skal i tillegg til bestemmelsene i § 7 til § 9 oppfylle følgende krav:

- a. *Virksomheten skal ha tilfredsstillende inneklima. (...)*

Ved tolkinga av kva som er eit «tilfredsstillande inneklima» ser Miljørettet helsevern hen til Anbefalte faglige normer for inneklima (2015) gitt ut av Folkehelseinstituttet. Det går fram av rapporten til Folkehelseinstituttet at inneklima har mykje å seia for helsa. Det går vidare fram at eit inneklima som ikkje er i samsvar med dei faglege tilrådingane både kan forverra eksisterande sjukdom og utløysa sjukdom. På denne bakgrunnen er vår vurdering at eit inneklima som ikkje er i samsvar med dei faglege råda til Folkehelseinstituttet heller ikkje vil oppfylla kravet til «tilfredsstillande inneklima» i forskrifta. I Anbefalte faglige normer for inneklima (2015) gitt ut av Folkehelseinstituttet står det at:

- *Anbefalte temperaturkrav er 20-24 °C for vinter og 23-26 °C for sommer.*
- *Ved operativ temperatur på 20-24 °C bør maksimal lufthastighet ikke overstige 0,15 meter/sekund i oppholdssonen.*
- *For høy luftfuktighet (> 70 %) kan bidra til lukt, mugg, bygningsskader o.l.*
- *Vedvarende fukt og vekst av muggsopp på overflater innendørs og i bygningskonstruksjonen skal unngås. Tegn på risikoforhold er mugglukt og hyppig forekommende kondens på overflater eller i konstruksjonen.*
- *Tidligere større fuktksader der materialer ikke er raskt uttørket, rengjort eller fjernet kan også utgjøre en helserisiko. Der slike forhold påvises skal de utbedres så raskt som mulig.*
- *Skjulte fukt- og muggsoppskader kan forekomme i krypkjellere, utelektede kjellervegger, yttervegger og takkonstruksjoner. Dette kan bety at vi ikke kan se skadene direkte. I noen grad kan slike forhold innebære eksponering via innelufta i de tilfellene det er luftbevegelse fra skadeområdet og ut i rommet.*
- *Eksponering for fuktksader eller muggsopp gir økt risiko for utvikling eller forverring av sykdom.*
- *Fuktproblemer eller muggsopp innendørs synes å gi økt risiko for en rekke allergier og luftveislidelser inkludert astmautvikling og forverring, pustebesvær, hoste, piping i brystet, luftveisinfeksjoner, bronkitt, allergisk rinit, og andre symptomer fra øvre luftveier samt eksem. Mekanismene for helseeffekter synes å kunne være både allergiske og ikke-allergiske.*
- *Følsomme grupper er barn og personer med astma- og/eller allergisykdommer.*

Med utgangspunkt i observasjonane på tilsynet og dei opplysningane som er presenterte for Miljørettet helsevern vurderer me at inneklimaet i bustaden ikkje lev opp til tilrådde faglege normer. Her vektlegg me at bustaden var kald og trekkfull på tilsynsdagen, at bebuar opplyser at temperaturen kan falla til 8 °C vinterstid og at inneklimamålingane frå 18.10.2023 til 23.10.2023 ligg under tilrådde temperaturkrav. I tillegg er me av den oppfatninga at det i bustaden er fleire teikn på risikoforhold som kan gi muggvekst. Her vektlegg me at det er mugglukt på kjøkkenet, opplysningar om kondens på kjøkken og bad, at me har observert fukt i krypkjellaren samt at det tidlegare har vore lekkasje frå tak og det er usikkert om vått

materiale har blitt raskt uttørka, reingjort eller fjerna. Me legg også vekt på at bebuar opplyser at [REDACTED] og opplever at inneklimaet er ein faktor som forverrar symptomata. Med utgangspunkt i at eksponering for fuktskadar eller muggsopp synes å gi økt risiko for utvikling eller forverring av sjukdom, er Miljørettet helsevern av den oppfatning at det må bli satt i verk tiltak som er nødvendig for å førebyggja, hindra eller motverka at slik verknad oppstår. **Samla vurderer derfor Miljørettet helsevern at bustaden ikkje har eit tilfredsstillande inneklima og at det må bli gjennomført tiltak for å sikra at inneklimaet lev opp til krava i forskrifta.**

Vidare sakshandsaming

Dersom det skulle vera innvendingar mot det faktiske eller rettslege grunnlaget for rapporten, ber me om at desse blir sende til Miljørettet helsevern innan 15.11.2023. Vår postadressa og e-postadressa står nedst på førstesida i brevet.

Med helsing
Helsevernenheten

Viviann Sandvik - Avdelingsleder
Marion Lambrechts Berge - Overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til: Kopi til: Anita Sørteit, Ove Pedersen [REDACTED]